

Yrkesseksjon helse og sosial

Helsedirektoratet  
Postboks 220 Skøyen  
0213 OSLO

**Deres ref.:**  
22/10465

**Vår ref.:**  
23/8929-4 EHU  
Eskild Hustvedt / 47646514

**Dato:**  
29.02.2024

## **Høyring - utkast til rundskriv om bilete, film- og lydopptak i helse- og omsorgstenesta**

Fagforbundet takkar for høvet til å kommentere forslaget til rundskriv om bilete, lyd- og filmopptak i helse- og omsorgstenesta.

Dette er eit viktig tema som er relevant for svært mange av våre medlemmar som arbeider ute i tenestene. Det grip inn i mange forskjellige aspekt ved tenestene, både frå perspektivet til pasientar, brukarar og pårørande, og perspektivet til yrkesutøvarane.

### **Bilete, film- og lydopptak som vert tatt av dei tilsette eller verksemdene**

Me er i hovudsak samde med direktoratet si framstilling av retningsliner for dei tilsette og verksemdene. Det er, mellom anna av omsyn til tieplikta og personvern, viktig å vere restriktive på dette området. Ein må unngå handlingar som kan verke krenkande for pasientar, brukarar og pårørande. Det er òg svært viktig for tiltrua til tenestene at det ikkje kan vere nokon tvil om eventuelle samtykke, og at ein då òg må ta omsyn til at forholdet mellom pasient og brukar ikkje alltid er, eller opplevast som, likeverdig.

Forslaget til rettleiar seier at «berre den registrerte kan gi eit gyldig samtykke» og ikkje pårørande der pasienten manglar samtykkekompetanse. Det er uklart kva del av lovverket ein meiner regulerer dette, eventuelt kva paragraf i personvernforordninga, det kunne vore nyttig å eksplisitt vise til dette då det ikkje samsvarer med vår tolking av personvernforordninga.

### **Bilete, film- og lydopptak som vert tatt av pasientar, brukarar eller pårørande**

Dokumentasjon i form av bilete, film- og lydopptak er ein naturleg del av kvardagen til mange. Pasientar, brukarar og pårørande skal sjølvstøtt og ha denne retten sjølv om ein er i kontakt med helse- og omsorgstenestene.

Fagforbundet er likevel bekymra for at rundskrivets retningsliner vil bidra til ei belastning på personellet som skal jobbe i desse tenestene. Rundskrivet legg svært stor vekt på faktorar som at staden ein ytar tenester er ein midlertidig eller permanent heim. Ein legg betydeleg

mindre vekt på at det òg er ein arbeidsplass. At eit rundskriv vektar ting på denne måten kjem til å ha ein betydeleg signaleffekt om kva som er akseptabelt eller ikkje.

Det kan ikkje vere sånn at helsepersonell skal måtte akseptere å bli tatt bilete av, filma eller tatt lydopptak av utan at dei samtykker til dette. Retten til eit fult forsvarleg arbeidsmiljø må i desse tilfella vege tyngre enn retten til å ta bilete, videoar og lydopptak. Me er bekymra for konsekvensane det kan få for dei tilsette viss dette vert norma, særleg med tanke på trivsel, og ein kan ikkje sjå bort frå at det på sikt kan ha konsekvensar for tenestene sine høve til å rekruttere og behalde helsepersonell.

Ein god relasjon mellom helsepersonell og pasient er avhengig av gjensidig tillit. Det er ofte ikkje snakk om reine mekaniske oppgåver som skal gjerast, men eit mellommenneskeleg samspel. Dette krev mellom anna at helsepersonellet «gir litt av seg sjølv» i somme situasjonar, er «personleg, men ikkje privat» som ein ofte kallar det. Retningslinene som vert sett fram i dette rundskrivet vil vere aktivt til hinder for etablering av denne typen relasjonar.

Publisering av bilete, film- og lydopptak krev som hovudregel eit aktivt samtykke frå personen som er med på bilete, film- eller lydopptaket. Dette står òg i rundskrivet, men helsepersonellet som må akseptera svært breie tilgangar til å bli tatt bilete, film og lydopptak av, vil i praksis ikkje ha høve til å kontrollere korleis materialet blir lagra eller distribuert. Det vil sjølvstundt ha negative konsekvensar for arbeidsmiljøet.

## **Media**

Aktive, uavhengige og spørjande media er grunnleggjande for demokratiet. Dei kan bidra til å betre tenester og avdekke problem. Her er det likevel svært viktig at ein legg stor vekt på teieplikta, og denne må kome før media sine behov.

Skjult filming vart aktualisert etter NRK Brennpunkt sin «Omsorg bak lukkede dører» i 2023. Det er ingen tvil om at dokumentaren avslørte uakseptable tilstandar, og som det er bra at vart tatt tak i, men bruken av skjult kamera bidrog til usikkerheit for arbeidstakarar. Å verte filma utan at dei veit om det på arbeidsplassen sin og så få det publisert i riksmidia var belastande. Anonymisering er òg vanskeleg. Så fort ein veit kva tenestestad det er snakk om, skal det godt gjerast at tilsette ikkje vert kjend att av nokon (me veit at dette var tilfelle med Brennpunkt-dokumentaren).

Helse og omsorgstenester er komplekse. Å gje ein heil rettvis framstilling av ein situasjon, kan vera krevjande sjølv for drivne journalistar. Filming, lydopptak med vidare kan avdekka kritikkverdige forhold, men me ynskjer ikkje ein situasjon der helsepersonell kvir seg for å gjera ting som dei burde i frykt for at det skal dokumenterast og framstillast på kompromitterande vis.

## **Vår anbefaling**

Fagforbundet vil sterkt oppmode til at ein revurderer korleis ein har vektlagt omsynet til eit fult forsvarleg arbeidsmiljø opp mot pasient-, brukar- og pårønderrettar i kapittel 4. Vår oppfatning er at tolkingane og dei påfølgjande retningslinene lagt fram her kan vera til skade for arbeidsmiljøet i landets helse- og omsorgstenester.

Med helsing  
FAGFORBUNDET

Eskild Hustvedt  
rådgjevar